

Årsmelding 2023 for Ekerhovd Indremisjon, org.nr.: 998 894 123

I 2023 var det stadig mindre pandemi, men også dette året var det arrangement vi måtte avlysa pga covid19.

Arbeidet i 2023: Årsmøtet vart halde 13. april. Jan Helge hadde andakt og las årsmeldinga. Judith gjekk gjennom rekneskapen, årsmøtet godtok årsmeldinga og rekneskapen.

Medlemstalet i 2023 var 22, same som året før.

Val: Gunnar og Jan Helge stod på val og vart gjenvalde, Judith vart valt for eitt år.

Styret i 2023: Leiar og sekretær, kontaktperson for organisasjonane og møtekoordinator: Jan Helge. Styremedlemmer: Gunnar og Judith som held fram som kasserar.

Moteaktiviteten: I alt arrangerte Ekerhovd Indremisjon 37 arr., i tillegg hadde grendalaget arr. på bedehuset 17. mai.

Vanlege, evangeliske møte: 11 stk, NLM 7, ImF 3, NMS 1.

Bone- og delemøte m/ sang: 6 møte. **Formiddagstreff:** 7 treff. Ein hjarteleg takk til Bente og Mathias, Rita og Tore som tek ansvar for desse arrangementa!

Tirsdagsklubben: 9 klubbkveldar inkl. kanotur på Storavatnet vest for Kolltveit då også speidarane var inviterte og bowling på Fjell-ly med rekordframmøte, 25 stk! Før bowlingkvelden hadde vi plakat på Danielsen barneskule og ungdomsskule, noko vi prøver å ha fast. Takk til Margunn, Kari Anne, Arvid og Jan Helge som har ansvaret for Tirsdagsklubben.

Felles bibelkveld 3. juni, dette er kveldar saman med 8-10 andre bedehus med god forkynning av Johnn Hardang; godt frammøte, kjekk kveld.

Basarar: Liaskjærsbasaren 11. mars og Bedehusbasaren 11. november; godt frammøte og god basarstemning.

Det var ingen vanleg julefest på bedehuset i 2023 grunna lite frammøte på dei siste festane som t.d. i 2022 då berre ca 30 kom trass i store førebuingar og at eit lokalt korps spelte. Andre bedehus melder om same problemet, det skuldast bl.a. at det er blitt fleire konkurrerande arangement før jul. Men vi hadde i desember **juleavslutning** med juleevangeliet og julesongar både på Formiddagstreffet og på Tirsdagsklubben, og det var kjekt!

Heimesida www.ekerhovdbedehus.no vart også i 2023 drifta av Roger Dyrøy, stor takk til Roger!

Vedlikehald / utbetringar: Bedehuset fekk montert ny, flott ytterdør og heile vestre vegg på det gamle hovudbygget vart isolert, fekk ny bordkledning og vart malt. Også tilbygget i nord vart malt. Takk for vel utført arbeid Arvid!

Takk til: Thor Bernard Tobiassen som enno ein gong har revidert rekneskapen, takk til Eivind som hjelper oss med tonefylgje på mange møte, takk til alle som støttar bedehuset økonomisk og i forbøn og takk til Bedehusforeninga som trufast arbeider for huset. Størst takk til Gud for fred i landet og at vi kan ta vare på huset «midt i bygda»; her kan menneske i alle aldrar koma saman, ha det kjekt i lag og få høyra Guds Ord forkynt til frelse for kvar den som tek imot evangeliet. Vår ynskje og bøn er at nye blir med på bedehuset slik at vi kan halda fram med dette viktige arbeidet.